

## 4 Kvalifikasjonskrav

### 4.1 Generelt om kvalifikasjonskrav

Kvalifikasjonskrav er absolute minstekrav for at tilbydaren skal kunna delta i konkurransen. Oppdragsgjevar pliktar å avvisa tilbydarar som ikkje oppfyller desse obligatoriske kvalifikasjonskrava.

### 4.2 Tilbydarens organisatoriske og juridiske stilling

| Nr.   | Krav  | Dokumentasjonskrav   |
|-------|---|--|
| 4.2.1 | Tilbydar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.                     | Skatteattester ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Med skatteattest vert meint: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) for meirverdiavgift utstedt av skattekontoret.</li><li>• Skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) for skatt og arbeidsgjevaravgift utstedt av skatteoppkrevjarkontoret.</li></ul> |
| 4.2.2 | Tilbydar skal vere eit lovleg etablert føretak  | For norske tilbydarar må det leggast fram <ul style="list-style-type: none"><li>• firmaattest.</li></ul> For utanlandske tilbydarar må det leggast fram stedfesting for registrering i bransjeregister eller føretaksregister slik det går fram av lovjevinga i det land der leverandøren er etablert.   |
| 4.2.3 | Tilbydar som skal utføre arbeid i Noreg må oppfylle dei krav til HMS som til ei kvar tid er fastsett av norske styresmøter. | HMS-eigenerklæring   |

### 4.3 Tilbydarens økonomiske og finansielle kapasitet

| Nr.   | Krav  | Dokumentasjonskrav   |
|-------|---|--|
| 4.3.1 | Tilbydaren må ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å oppfylle kontrakten. | Oppdragsgjevar hentar inn kreditrating frå Soliditet AS.<br><br>Tilbydar må ha minimum ratingkode A – kredittverdig, sjå <a href="https://www.soliditet.no/vaare-tjenester/aaa-rating/AAA-Rating.517.cms">https://www.soliditet.no/vaare-tjenester/aaa-rating/AAA-Rating.517.cms</a><br><br>Dei føretaka/tilbydarane som ikkje har hatt rekneskap dei seinare år, vil bli avvist dersom det ikkje vert framlagt tilsegn om bankgaranti av ein slik storleik at den kan nyttast som garanti for å innfri kontrakten sitt innhald. Tilbydarane kan og kvalifiserast økonomisk etter dokumentasjon som nemnt i paragraf 17- |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  | 8 (2) gitt at det vert vedlagt dokumentasjon som viser at dei rår over dei nødvendige ressursane og at det andre føretaket følgjer kravet. |
|--|--|--|

#### 4.4 Tilbydarens tekniske og faglege kvalifikasjoner

| Nr.   | Krav  | Dokumentasjonskrav   |
|-------|---|--|
| 4.4.1 | <b>Gjennomføringsevne personell</b><br>Oppdragsgjevar krev at tilbydar har god evne til å gjennomføre oppdraget i tråd med oppdragsgjevars behov. Det krevjast difor at tilbydar har tilstrekkeleg kapasitet til å kunne gjennomføra oppdraget. | Tilbydar skal leggja ved oversikt over føretaket sin totale bemanning og bemanning for dette oppdraget (organisasjonsplan).                                |
| 4.4.2 | <b>Erfaring frå liknande oppdrag.</b><br>Det er eit krav at tilbydar har god erfaring frå liknande oppdrag  | Tilbydar skal legge ved liste over dei viktigaste relevante leveransar dei siste tre år, inkludert leveransens omfang, verdi, tidspunkt og oppdragsgjevar. |

#### 4.5 Underleverandører

Dersom ein tilbydar baserer seg på bruk av ein underleverandør for å oppfylla dei fastsette kvalifikasjonskrava, skal det dokumenterast at dei obligatoriske dokumentasjons- og kvalifikasjonskrava også er oppfylt også hjå dei, så dokumentasjonskrav under pkt. 4.2.

Dersom tilbydaren er avhengig av underleverandørar for å oppfylla krav til økonomisk og finansiell stilling og/eller tekniske og faglege kvalifikasjoner skal det òg leggast ved ein skriftleg erklæring frå underleverandør der han forpliktar seg til å stilla til disposisjon dei nødvendige ressursane samt å halde seg til krava i avtalen med oppdragsgjevar.

*Kopi frå tidsdagen*